



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: [fmsfes@fylkesmannen.no](mailto:fmsfes@fylkesmannen.no)

Vår dato  
22.09.2017  
Dykkar dato  
06.06.2017

Vår referanse  
2014/2874- 561  
Dykkar referanse  
201502307-5

Noregs vassdrags- og energidirektorat

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## Fråsegn til søknad om fornya reguleringskonsesjon for Svelgen I og II kraftverk i Bremanger kommune

Vi viser til oversendinga 6.6.2017 med høyring av søknad om fornya reguleringskonsesjon for kraftverka Svelgen I og II i Bremanger kommune.

---

**Fylkesmannen meiner det vil vere viktig å kunne oppretthalde ein høg kraftproduksjon i ein ny konsesjon for Svelgen I og II kraftverk. Vi har vurdert behovet for slepp av minstevassføring til å kunne avgrensast til to elvestrekningar; Vingefosselva nedstrøms Vingevatnet, og lakse- og sjøaureførande strekning av Førdeelva i Ålfoten.**

---

### Bakgrunn

Svelgen Kraft AS har søkt om ny konsesjon utan tidsavgrensing for Svelgen I og II kraftverk. Søknaden går i hovudsak ut på å vidareføre reguleringane som er gitt i dei gamle konsesjonane. For Sjørdalsvatnet og Nibbevatnet har reguleringane ikkje vore nytta fullt ut, og det er søkt om å redusere den konsesjonsbestemte reguleringshøgda i tråd med den praktiserte reguleringa. Årsproduksjonen er på om lag 49 GWh i Svelgen I og 210 GWh i Svelgen II. Kraftverka bidreg dermed til å nå det nasjonale produksjonsmålet for fornybar energi, og dei har positiv økonomisk verknad for lokalsamfunna.

Fylkesmannen skal vurdere konsekvensar for allmenne interesser av reguleringa, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg også vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. Fylkesmannen har vidare eit sektoransvar innan beredskap og landbruk.

### Vurdering

Vurderinga av nye konsesjonssøknader vil først og fremst dreie seg om konsesjonsvilkår og manøvreringsreglement, slik det også er lagt opp til for konsesjonar som skal reviderast. Aktuelle krav kan vere minstevassføring, miljøtilpassa driftsvassføring eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Krav om slike avbøtande tiltak kan føre til at produksjonen av fornybar og regulerbar kraft vert redusert, og miljøgevinstar skal vegast opp mot konsekvensar for energiproduksjon og forsyningssikkerheit.

I den utgåtte konsesjonen har det ikkje vore krav om slepp av minstevassføring på nokon elvestrekning. Svelgen Kraft AS har søkt om at dette også skal gjelde den nye konsesjonen, då det vil vere «... *uheldig og særskild produksjons- og kostnadskrevjande å innføre og leggje til rette for tapping av minstevassføring*».

Vi meiner at det, på eit generelt grunnlag, vil vere ønskeleg for naturmiljø og friluftsiinteresser med fastsette krav om minstevassføring på utbygde elvestrekningar. Dette er eit vanleg vilkår for vasskraftutbyggingar som får konsesjon i dag. Kraftverka i Svelgen vart etablerte i ei tid då naturmiljø og friluftsliv var tillagt mykje mindre vekt enn i dag. For at ein ny konsesjon for Svelgen I og II kan verte sånn nokolunde i tråd med konsesjonar som vert gjevne i dag, bør det som hovudregel stillast krav om minstevassføringslepp, i alle fall på spesielt prioriterte elvestrekningar. Samstundes ser vi det som urealistisk, med omsyn til energitapet, at det skal fastsetjast minstevassføringskrav i alle dei påverka lokalitetane i Svelgen I og II.

Etter vår vurdering er det to påverka lokalitetar som peikar seg spesielt ut med behov for minstevassføringslepp. Dette gjeld Vingefosselva (nedstrøms magasinet i Vingevatnet), som har stor verdi som landskapselement i Vingen landskapsvernområde og Vingen kulturminneområde, og Førdeelva (i Ålfoten) som er gyte- og oppvekstelv for laks og sjøaure. Det er også andre elvestrekningar og fossar som er drøfta i miljørapporten, men desse kan, etter vår vurdering, prioriterast lågare.

Vingefosselva: Elva er godt synleg frå Vingen landskapsvernområde (kgl.res. 1980) og Vingen kulturminneområde (freding 2001), som inneheld landets nest største helleristingsfelt med kring 2200 helleristingar som vart laga for mellom 4000 og 6000 år sidan. Vingevatnet er eit senkingsmagasin, og LRV ligg dermed lågare enn den naturlege overløpsterskelen. Ifølgje miljørapporten kan slepp av minstevassføringa skje i periodar vatnet ligg over naturleg vasstand, slik at vatnet dermed må fyllast innan perioden for minstevassføringskravet, eller at det vert etablert sleppordningar som ikkje er avhengig av vasstandane i magasinane. Med unntak av elva, som er tørrlagd utanom i sjeldne periodar med overløp, er landskapsrommet i Vingen slik det var då helleristingane vart laga. Slepp av vatn gjennom ei konsesjonsbestemt minstevassføring vil tilføre landskapet rundt lokaliteten store verdiar i tråd med dei naturlege tilhøva på staden. Sidan området med det naturlege elveleiet er verna både etter naturmangfaldlova og kulturminnelova, vil minstevassføring vere svært verdfullt til alle tider på året, men minstevassføring vil særleg vere viktig i perioden mai – september då det er organiserte besøk på Vingen-feltet. Vi ber om at det vert sleppt minstevassføring på minst 1 m<sup>3</sup>/s når naturleg avrenning (uregulert) er høgare enn dette, og elles naturleg avrenning. Vi ser at tiltakshavar meiner at forslaget ikkje er realistisk å gjennomføre, fordi ein omløpstunnel vil vere ein urimeleg kostnad. Verdien av minstevassføring her vil, etter vår vurdering, forsvare kostnaden for tiltakstakshavar og samfunnet, sjølv om konsekvensen av «å etablere minstevassføringsordning her vil fysiske bety at ein tek reguleringsmagasinet ut av drift, sidan minstevassføring berre kan sleppast når magasinane ligg over naturleg vasstand» (søknaden s. 44).

Førdeelva: I miljørapporten er det foreslege å gjennomføre habitattiltak i Førdeelva. Habitatkartlegginga i Førdeelva i 2015 konkluderte derimot med at det ikkje var potensial for å auke produksjonen gjennom habitattiltak (UNI Miljø, notat juni 2015). Det vart foreslege «å belyse varigheten på de lave vannføringene som trolig oppstår i elva i tørre perioder, særlig vinterstid. Dette vil kunne avklare spørsmålet om fraføring av vannet fra nedslagsfeltet i denne sammenheng er en flaskehals som negativt påvirker produksjonen av fisk. Om det skulle vise seg at reguleringen fører til situasjoner med svært lave vannføringer i forhold til naturtilstanden, bør man se på mulige løsninger for å slippe vann fra reguleringsmagasin under slike forhold.» Det er altså behov for å kartleggje om ei minstevassføring i kritiske periodar kan auke produksjonen av laks og sjøaure, og kva nivå som må fastsetjast. Utifrå det vi veit i dag, vil vi foreslå å sleppe minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring i uregulert tilstand, og sleppe naturleg avrenning når vassføringa er lågare enn den alminnelege lågvassføringa. Førdeelva er sterkt påverka av desse overføringane, og ei minstevassføring slik vi skisserer vil vere eit nøktern tiltak for å betre produksjonen av laks og sjøaure i vassdraget.

**Fylkesmannen si tilråding**

Svelgen I og II kraftverk i Bremanger har stor samfunnsnytte og bidreg til å nå nasjonalt produksjonsmål for fornybar energi. Det vil såleis vere viktig å kunne oppretthalde ein høg produksjon i ein ny konsesjon. Kraftverka vart etablerte i ei tid då naturmiljø og friluftsliv ikkje vart tillagt så stor vekt som i dag, noko som går fram av at det ikkje er vilkår om minstevassføring på nokon av dei regulerte elvestrekningane.

Fylkesmannen meiner at det i ein ny konsesjon bør fastsetjast krav om minstevassføring for to prioriterte elvestrekningar. Dette gjeld Vingefosselva som har stor verdi som landskapselement i Vingen landskapsvernområde og Vingen kulturminneområde, og Førdeelva som er gyte- og oppvekstelv for laks og sjøaure. Med grunnlag i konsekvensutgreiinga er det vanskeleg å tilrå nivå på minstevassføringsleppet i dei to elvane, og dette bør utgreiast nærare for å kunne oppnå ønskt effekt og vurdere kost-nytte. Utifrå det vi veit i dag, vil vi foreslå å sleppe minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring i uregulert tilstand, og sleppe naturleg avrenning når vassføringa er lågare enn den alminnelege lågvassføringa. For Vingefosselva vil vi foreslå krav om minstevassføring på 1 m<sup>3</sup>/s (men naturleg vassføring når avrenninga er lågare).

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Bremanger kommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Miljødirektoratet